

# Møteprotokoll

## for

### Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 30.11.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 17:00

Synfaring i sak 121/22 «141/2 Burkeland» frå kl. 12:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstattar medlem</b>
Johannes Haugland	SP	Vara for A. Mjøs i sakene: 122-137/22

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, leiar for teknisk forvaltning og politisk-adm. sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
117/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
118/22	Godkjenning av møtebok
119/22	Referatsaker og meldingar
120/22	Delegerte saker
121/22	141/3 Burkeland - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom
122/22	135/15 Runhovda - Søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar
123/22	149/4 Skaftå - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - frådeling av fritidsbustad
124/22	157/2 - Vassdal - Søknad om dispensasjon for bygging av veg - handsaming av klage
125/22	30/3 - Solbjørg - Søknad om dispensasjon for deling - ny handsaming
126/22	95/35 Gatland - Søknad om dispensasjon for utviding av kai i samband med utskifting av trekai med betongkai
127/22	95/5 Gatland - Søknad om dispensasjon for mellombels oppføring av lagerhall
128/22	54/25 Nedste-Mjelda - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbrakker
129/22	Byggesak GBNR 105/22 Bernes (Ytre) - Søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg til fritidsbustad, grillhus, takoverbygg og terrengendring
130/22	Byggesak GBNR 62/76 Haus prestegard - Søknad om dispensasjon for bygging av brygge og bod i Sanatoriet
131/22	Byggesak GBNR 72/5 Grimstad - Søknad om dispensasjon - Frådeling av eigedom
132/22	Byggesak GBNR 89/54-55 Mjøs - Søknad om dispensasjon for oppføring av balkongar
133/22	GBNR 111/59, 111/60, 111/75 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad
134/22	gbnr 155/1 Kirketeigen - Søknad om dispensasjon for frådeling av tomt for hytte
135/22	Prinsippavklaring om kryssing av steingardar i samband med skogsdrift
136/22	Utbyggingsavtale for Espevoll næringsområde
137/22	Mindre endring Kommuneplanen sin arealdel PlanID 12532010001
138/22	Andre saker/spørsmål

## **117/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, har eit spørsmål til slutten av møte om ein sak som gjeldt eit byggetilsyn på eit naust på Bernes.

-----

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste.

### **PL - 117/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

-----

## **118/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå 26.10.2022 vert godkjend.

## **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ingen merknader til møtebok

### **PL - 118/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 26.10.2022 vert godkjend.

-----

## **119/22: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

## **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, ber om at RS 1 vert løfta som ordinær sak på sakskartet.

Alf Terje Mortensen, FRP, trakk sin førespurnad om å løfte saka som ordinær sak på sakskartet.

Utvalseiaren hadde slik merknad: Vi tek denne saka til vitande, så tek vi saka om bestandsplan for hjort opp som ein sak under 138/22 i slutten av møte.

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 119/22 VEDTAK:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

---

**120/22: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene

**PL - 120/22 VEDTAK:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

---

**121/22: 141/3 Burkeland - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til frådeling av eksisterande bustadhus på gnr. 141 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## **26.10.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt utsetningsframlegg: "Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte. Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 10.12.2022, jf. vedtak om synfaring, jf. forskrift om byggesak § 7-3, 1. ledd."

### **AVRØYSTING UTSETTING:**

Samrøystes vedteke

### **PL - 114/22 VEDTAK:**

Saka vert utsett for synfaring i forkant av neste møte. Sakshandsamingsfristen vert forlenga til 10.12.2022, jf. vedtak om synfaring, jf. forskrift om byggesak § 7-3, 1. ledd.

## **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP sette fram slikt framlegg: "Saka vert utsett for handsaming.

Utvalet bed heradstyret om heimel til å kalle tilbake klagesak, DS 276/22, frå statsforvaltaren slik at sakene kan handsamast samstundes. Dette er naudsynt for å kunne gje ei funksjonell løysing for hovedbruket og den omsøkte parsellen."

Utvalsleiaren sette fram slikt framlegg:

"Utvalet gjev dispensasjon til eit areal tilsvarende det som er gjeve etter jordlova, i sak DS 276/22. Grunngevinga er at dette er tenleg for både bruket og den frådelte eigedommen, samt ikkje har negative verknadar for vidare landbruksdrift. Fordelene med dispensasjon er difor større enn ulempene."

### **AVRØYSTING:**

Alf Terje Mortensen sitt framlegg	-	3 røyster (FRP,SP,AP)
Utvalsleiaren sitt framlegg	-	2 røyster (H,MDG)

### **PL - 121/22 VEDTAK:**

#### **Saka vert utsett for handsaming**

**Utvalet bed heradstyret om heimel til å kalle tilbake klagesak, DS 276/22, frå statsforvaltaren slik at sakene kan handsamast samstundes. Dette er naudsynt for å kunne gje ei funksjonell løysing for hovedbruket og den omsøkte parsellen.**

---

Utvalsleiaren (Aksel Mjøs, H) fekk innvilga permisjon frå møtet på ubestemt tid.  
Johannes Haugland, SP, møtte som vara.

Øyvind Litland, AP, tok over som møteleiar/ordførar

---

**Val av sette-varaordførar i møte:**

Kjellaug Hartveit sette fram slikt framlegg: "Johannes Haugland vert valt som sette-varaordfører."

**AVRØYSTING:**

Johannes Haugland vert samrøystes valt som sette-varaordfører i møtet.

---

**122/22: 135/15 Runhovda - Søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 til oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar i einebustad på gnr. 135 bnr. 15, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 122/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 til oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar i einebustad på gnr. 135 bnr. 15, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

**123/22: 149/4 Skaftå - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom -  
frådeling av fritidsbustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til frådeling av eksisterande bygning og uthus for oppretting av ny grunneigedom på om lag 500 m<sup>2</sup> frå gnr. 149 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Resten av eigedomen gnr. 149 bnr. 4 skal framleis har tilkomst/vegrett og det skal løysast ved å redusere storleiken på ny grunneigedom slik at den nye eigedomen ikkje grensar til gnr. 149 bnr. 49 i nordaust."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 123/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til frådeling av eksisterande bygning og uthus for oppretting av ny grunneigedom på om lag 500 m<sup>2</sup> frå gnr. 149 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Resten av eigedomen gnr. 149 bnr. 4 skal framleis har tilkomst/vegrett og det skal løysast ved å redusere storleiken på ny grunneigedom slik at den nye eigedomen ikkje grensar til gnr. 149 bnr. 49 i nordaust.

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

**124/22: 157/2 - Vassdal - Søknad om dispensasjon for bygging av veg - handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen sitt vedtak av 28/09/22 saknr. 098/22 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til Kommunal- og distriktsdepartementet for oppnemning av setjestatsforvaltar for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg:

«Fleirtalet i utvalet ser at ein betre tilkome langs tjørna vil bidra positivt til å gje turgåarar tilkome til denne grønkorridoren Vassdal – Baludalen og ikkje minst til Sagtjørna friområde. Folkehelsemeldinga St19-2014-15 kapittel 3.2 seier mykje om korleis forvaltinga skal leggje til rette for å gjere det enklare for den enkelte å være meir fysisk aktiv.

I kapittel 3.2.3 andre avsnitt vert det sagt følgande: «Mye av friluftslivet, særlig utenfor de store byene, foregår i kulturlandskap, på landbruks- og skogsveier og ferdselsårer i skog og utmark. Et tettere samarbeid mellom landbruket, kommunene og frivillige organisasjoner om tilrettelegging for friluftslivet, er viktig for å øke forståelsen for aktørenes ulike behov. Friluftsliv har en særstilling som fritidsaktivitet i den norske befolkningen. Gåing er den vanligste fysiske aktiviteten i alle aldersgrupper, og fotturer i skog og mark er den suverent største aktiviteten som to tredeler av befolkningen driver med. Fysisk aktivitet og friluftsliv i naturen og nærmiljøet skårer høyest når folk blir spurt om hva de ønsker å gjøre mer av. Friluftsliv kan utøves gjennom store deler av livsløpet og av flere generasjoner samtidig. Friluftsliv og naturkontakt gir ut over fysisk aktivitet, mulighet for avstressing, ro og stillhet som for mange er viktig i en stressende hverdag. Naturen er en god arena for sosial kontakt og fellesskap. Det er god dokumentasjon for at friluftsliv og naturkontakt er viktig i forebygging og behandling av ulike psykiske lidelser som depresjon og angst. Turgåing er den aktiviteten som har potensial for å aktivisere dem som i dag er for lite fysisk aktive.»

I folkehelsemeldinga St19 2018-19 kapittel 5.1.3 (side 68-69) står det: «Turvegar og turstiar er viktige verkemiddel for å få fleire til å delta i friluftsliv. Eit omfattande nett av skogsvegar kan vidareutviklast som turvegar i samarbeid med skogeigarar. Tilrettelegging for ferdsel på stiar og vegar er òg eit viktig verkemiddel for å styre ferdselen bort frå område der han kan komme i konflikt med viktige naturverdiar.» I denne konkrete saka er det fleirtalet sitt klare syn at me nettopp har greidd å leggje til rette for ei slik utvikling og samarbeid, og noko som dermed tilfører felleskapet noko positivt. Fleirtalet legg dermed til grunn at vedtaket ikkje er i strid med nasjonale og kommunale føringar for arealpolitikk, folkehelse osv. Fleirtalet er dermed og usamd med statsforvaltaren i at det vil føre til ei auka privatisering ved å gje løyvet. Tvert om vil dette være eit naudsynt samarbeid med private for å få til ei løysing som ivaretek nasjonale mål knytt til folkehelse. Samstundes legg ein til rette for å ta i bruk eit område som er eit eksisterande friområde, og ved å auke tilkoma hit, vil ein potensielt



førebyggje aktivitet i andre område som er meir sårbar for slitasje eller «konflikt med viktige naturverdiar».

Fleirtalet fastheld difor at det er klart større fordelar enn ulemper med å gje løyvet ut frå ei samla vurdering jfr plan og bygningslova §19-2 andre setning.»

#### **AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke  
Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert vedteke mot 1 røyst (MDG)

#### **PL - 124/22 VEDTAK:**

Kommunen sitt vedtak av 28/09/22 saknr. 098/22 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til Kommunal- og distriktsdepartementet for oppnemning av setjestatsforvaltar for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

Fleirtalet i utvalet ser at ein betre tilkome langs tjørna vil bidra positivt til å gje turgåarar tilkome til denne grønkorriddoren Vassdal – Baludalen og ikkje minst til Sagtjørna friområde. Folkehelsemeldinga St19-2014-15 kapittel 3.2 seier mykje om korleis forvaltinga skal leggje til rette for å gjere det enklare for den enkelte å være meir fysisk aktiv.

I kapittel 3.2.3 andre avsnitt vert det sagt følgande: «Mye av friluftslivet, særlig utenfor de store byene, foregår i kulturlandskap, på landbruks- og skogsveier og ferdselsårer i skog og utmark. Et tettere samarbeid mellom landbruket, kommunene og frivillige organisasjoner om tilrettelegging for friluftslivet, er viktig for å øke forståelsen for aktørenes ulike behov. Friluftsliv har en særstilling som fritidsaktivitet i den norske befolkningen. Gåing er den vanligste fysiske aktiviteten i alle aldersgrupper, og fotturer i skog og mark er den suverent største aktiviteten som to tredeler av befolkningen driver med. Fysisk aktivitet og friluftsliv i naturen og nærmiljøet skårer høyest når folk blir spurt om hva de ønsker å gjøre mer av. Friluftsliv kan utøves gjennom store deler av livsløpet og av flere generasjoner samtidig. Friluftsliv og naturkontakt gir ut over fysisk aktivitet, mulighet for avstressing, ro og stillhet som for mange er viktig i en stressende hverdag. Naturen er en god arena for sosial kontakt og fellesskap. Det er god dokumentasjon for at friluftsliv og naturkontakt er viktig i forebygging og behandling av ulike psykiske lidelser som depresjon og angst. Turgåing er den aktiviteten som har potensial for å aktivisere dem som i dag er for lite fysisk aktive.»

I folkehelsemeldinga St19 2018-19 kapittel 5.1.3 (side 68-69) står det: «Turveggar og turstiar er viktige verkemiddel for å få fleire til å delta i friluftsliv. Eit omfattande nett av skogsveggar kan vidareutviklast som turveggar i samarbeid med skogeigarar. Tilrettelegging for ferdsel på stiar og veggar er òg eit viktig verkemiddel for å styre ferdselen bort frå område der han kan komme i konflikt med viktige naturverdiar.» I denne konkrete saka er det fleirtalet sitt klare syn at me nettopp har greidd å leggje til rette for ei slik utvikling og samarbeid, og noko som dermed tilfører fellesskapet noko positivt. Fleirtalet legg dermed til grunn at vedtaket ikkje er i strid med nasjonale og kommunale føringar for arealpolitikk, folkehelse osv. Fleirtalet er dermed og usamd med statsforvaltaren i at det vil føre til ei auka privatisering ved å gje løyvet. Tvert om vil dette være eit naudsynt samarbeid med private for å få til ei løysing som ivaretek nasjonale mål knytt til folkehelse. Samstundes legg ein til rette for å ta i bruk eit område som er eit eksisterande friområde, og ved å auke tilkoma hit, vil ein potensielt førebyggje aktivitet i andre område som er meir sårbar for slitasje eller «konflikt med viktige naturverdiar».

Fleirtalet fastheld difor at det er klart større fordelar enn ulemper med å gje løyvet ut frå ei samla vurdering jfr plan og bygningslova §19-2 andre setning.

---

## 125/22: 30/3 - Solbjørg - Søknad om dispensasjon for deling - ny handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a for frådelling av ein parsell på 2215 m<sup>2</sup> frå gnr. 30 bnr. 3 til gnr. 30 bnr. 30, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Det vert sett vilkår om særskilde krav til prosjektering og gjennomføring av tiltak med tanke på å hindre sedimentering av vassdrag."

### **Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## 30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **PL - 125/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a for frådelling av ein parsell på 2215 m<sup>2</sup> frå gnr. 30 bnr. 3 til gnr. 30 bnr. 30, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Det vert sett vilkår om særskilde krav til prosjektering og gjennomføring av tiltak med tanke på å hindre sedimentering av vassdrag.

### **Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

**126/22: 95/35 Gatland - Søknad om dispensasjon for utviding av kai i samband med utskifting av trekai med betongkai**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5, til oppføring av betongkai 1 meter utanfor byggegrensa på gnr. 95 bnr. 35, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår.

- Det skal takast omsyn til gyteperioden for torsk og vekstperioden for torskeyngel. Arbeidet med betongkaaien skal difor utførast om hausten. Vidare skal det nyttast siltgardin for å hindre spreieing av støv og partiklar til gytefeltet."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 126/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5, til oppføring av betongkai 1 meter utanfor byggegrensa på gnr. 95 bnr. 35, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår.

- Det skal takast omsyn til gyteperioden for torsk og vekstperioden for torskeyngel. Arbeidet med betongkaaien skal difor utførast om hausten. Vidare skal det nyttast siltgardin for å hindre spreieing av støv og partiklar til gytefeltet.

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje

vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

## 127/22: 95/5 Gatland - Søknad om dispensasjon for mellombels oppføring av lagerhall

Rådmannen sitt framlegg:

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen gjev mellombels dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppføring av lagerhall på gnr. 95 bnr. 5, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3, på fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen er mellombels og gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal søkjar fjerne det oppførte tiltaket."

### Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## 30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

### PL - 127/22 VEDTAK:

Kommunen gjev mellombels dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppføring av lagerhall på gnr. 95 bnr. 5, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3, på fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen er mellombels og gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal søkjar fjerne det oppførte tiltaket.

### Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.  
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

**128/22: 54/25 Nedste-Mjelda - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadbrakker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev mellombels dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til mellombels oppføring av 20 bustadbrakker på gnr. 54 bnr. 25, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3, på fylgjande vilkår:

- Mellombels dispensasjon gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
- Når dispensasjonstida går ut skal tiltaket fjernast og arealet tilbakeførast.
- Det skal sendast dokumentasjon til kommunen som syner at tiltaket er fjerna og arealet er tilbakeført. Frist for innsending av dokumentasjon er 21.12.2027.
- Fristane vert ikkje forlenga sjølv om det tek lang tid å utarbeide ein fullstendig søknad om løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4.
- Ved søknad om løyve til tiltak skal det sendast inn fagkunnig utgreiing av naturfare, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav g, jf. forskrift om tekniske krav til byggverk kapittel 7. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve kan kommunen avslå søknad om løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova § 28-1, 1. ledd.
- Dersom det er krav om sikring skal sikringa gjennomførast før bustadbrakkene vert oppført.
- Fagkunnig utgreiing av naturfare skal sendast til uttale til NVE før det kan gjevast løyve til tiltaket. Dersom NVE kjem med negativ uttale til dispensasjonssaka, jf. plan- og bygningslova § 19-1, skal kommunen vurdere dispensasjonssaka på nytt og har høve til å omgjere vedtaket sidan NVE ikkje har hatt høve til å uttale seg før dispensasjonssøknaden vart handsama."

**Grunngjeving:**

På desse vilkåra vil ikkje omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova verte vesentleg tilsidesett ved mellombels dispensasjon.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene ved mellombels dispensasjon.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje mellombels dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Kjellaug Hartveit sette fram slikt framlegg: Saka vert utsett for synfaring

**AVRØYSTING utsetting:**

Utsettingsframlegget vert samrøystes vedteke

**PL - 128/22 VEDTAK:**

Saka vert utsett til neste møte i januar 2023 grunna synfaring.

---

**129/22: Byggesak GBNR 105/22 Bernes (Ytre) - Søknad om dispensasjon for oppføring av tillbygg til fritidsbustad, grillhus, takoverbygg og terrengendring**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd."

**Grunngjeving:**

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg: "Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd."

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**PL - 129/22 VEDTAK:**

**Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd.**

**Grunngjeving:**

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd.

-----  
**130/22: Byggesak GBNR 62/76 Haus prestegard - Søknad om dispensasjon for bygging av brygge og bod i Sanatoriet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd."

**Grunngjeving:**

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

### **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Øyvind Litland ønskja sin gildskap vurdert då han er byggeleiar for prosjektet.

-----  
Øyvind Litland, AP, forlet møte

Ingen vara møtte.

4 av 5 medlemmer/varamedlemmer tilstades

Johannes Haugland tok mellombels over som møteleiar/ordførar.

Det vert ikkje vald ny sette-varaordførar.

-----  
**AVRØYSTING gildskap:**

Utvalet fann Øyvind Litland, AP, gild då mynde for avgjerd pr i dag ikkje ligg hjå utvalet, men hjå rådmann.

-----  
Øyvind Litland, AP, kom tilbake i møte.

Fulltalig utval

Øyvind Litland, AP, tok over som møteleiar/ordførar igjen.

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg: "Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd."

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke  
Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**PL - 130/22 VEDTAK:**

**Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd.**

**Grunngjeving:**

**Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.**

**Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.**

**Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd.**

---

**131/22: Byggesak GBNR 72/5 Grimstad - Søknad om dispensasjon - Frådeling av eigedom**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

**"Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd."**

**Grunngjeving:**

**Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.**

**Sjå i tillegg rådmannen si vurdering»**

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg: "Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd."

**AVRØYSTING:**



Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke  
Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**PL - 131/22 VEDTAK:**

Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd.

**Grunngjeving:**

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering

Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd.

---

**132/22: Byggesak GBNR 89/54-55 Mjøs - Søknad om dispensasjon for oppføring av balkongar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå tillat utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn 1.5, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 5 til oppføring av balkongar på eksisterande leilegheitsbygg på gnr. 89 bnr. 54-55, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 132/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå tillat utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn 1.5, jf. plan- og

bygningslova § 11-9 nr. 5 til oppføring av balkongar på eksisterande leilegheitsbygg på gnr. 89 bnr. 54-55, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

**133/22: GBNR 111/59, 111/60, 111/75 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanføresegn 5.1, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og byggegrensa mot sjø i kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 5 til oppføring av tilbygg og påbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 111/59, 111/60 og 111/75."

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke mot 1 røyst (MDG)

**PL - 133/22 VEDTAK:**

Kommunen gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanføresegn 5.1, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a og byggegrensa mot sjø i kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr. 5 til oppføring av tilbygg og påbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 111/59, 111/60 og 111/75.

**Grunngjeving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

---

## 134/22: gbnr 155/1 Kirketeigen - Søknad om dispensasjon for frådelling av tomt for hytte

Rådmannen sitt framlegg:

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd."

Grunngjeving:

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## 30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg: "Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd."

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke mot 1 røyst (MDG)

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert vedteke mot 1 røyst (MDG)

**PL - 134/22 VEDTAK:**

Plan- og kommunalteknisk utval gjev rådmannen delegert mynde til å handsame saka administrativt, jf. kommunelova § 13-1 6. ledd.

Grunngjeving:

Sakshandsamingsfristane og høyringsfristen medfører at det er vanskeleg å leggje saka til handsaming i utvalet.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Mynde vert gitt med føresetnad av positivt vedtak. Dersom negativt vedtak vert saka sendt til utvalet for handsaming og avgjerd.

---

## **135/22: Prinsippavklaring om kryssing av steingardar i samband med skogsdrift**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Rådmannen skal følge gjeldande regelverk for handsaming av kryssing av steingardar i samband med skogsdrift.**

### **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **PL - 135/22 VEDTAK:**

**Rådmannen skal følge gjeldande regelverk for handsaming av kryssing av steingardar i samband med skogsdrift.**

---

## **136/22: Utbyggingsavtale for Espevoll næringsområde**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Espevoll næringsområde planid. 2010 002 med Osterøy Entreprenør AS vert underteikna av kommunen."**

### **23.11.2022 FORMANNSKAPET**

Turid B. Njåstad ønskja sin gildskap vurdert då hennar dotter er eigar av nabogarden til området og vil såleis verte svært påverka av det som skjer på området.

#### **AVRØYSTING:**

Turid B. Njåstad, SP, vert samrøystes kjend ugild etter fvl. §6 første ledd bokstav b.

---

Turid B. Njåstad, SP, forlet møte. Ingen vara møte.

8 av 9 medlemmar tilstades

-----

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 104/22 VEDTAK:**

Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Espevoll næringsområde planid. 2010 002 med Osterøy Entreprenør AS vert underteikna av kommunen.

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 136/22 VEDTAK:**

Utbyggingsavtale for realisering av reguleringsplan for Espevoll næringsområde planid. 2010 002 med Osterøy Entreprenør AS vert underteikna av kommunen.

-----

**137/22: Mindre endring Kommuneplanen sin arealdel PlanID 12532010001**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 11-17 vedtek Osterøy kommune å sende forslag til mindre endring av føresegnene i kommuneplanen sin arealdel (planID 12532010001), på høyring og offentleg ettersyn.

Rådmannen får fullmakt til å vedta endringa etter høyring og offentleg ettersyn i tråd med saksopplysningar gitt i saksframlegget.»

**30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 137/22 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 11-17 vedtek Osterøy kommune å sende forslag til mindre endring av føresegnene i kommuneplanen sin arealdel (planID 12532010001), på høyring og offentleg ettersyn.

**Rådmannen får fullmakt til å vedta endringa etter høyring og offentleg ettersyn i tråd med saksopplysningar gitt i saksframlegget.**

-----  
Utvalsleiaren (Aksel Mjøys, H) kom tilbake i møte og tok over som møteleiar/ordførar.  
Johannes Haugland, SP, forlet møte.  
-----

## **138/22: Andre saker/spørsmål**

### **30.11.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål: Det gjeldt byggetilsyn, eit naust på Bernes i sin tid, at den skulle sende over til det interkommunale byggetilsynet. Korleis fungerer det i samband med tilbakemelding på dette? Kor finn ein informasjon om dette?

Leiar for teknisk forvaltning ga slikt svar: Eg kjennar ikkje til noko interkommunalt byggetilsyn. Det er våre sakshandsamarar som gjer jobben.

Rådmannen ga slikt tilleggsvar: det var tidlegare eit interkommunalt byggetilsyn, men avtalen ble ikkje fornya. Dette er ein god tid tilbake. Ideelt sett skulle det vore endå, men det var vanskeleg å bli einig om mellom anna prinsipp, praksis og pris/kostnader.

-----  
Kjellaug Hartveit hadde eit spørsmål om kva som skjer med invitasjonen til statsforvaltaren om å komme å snakke om buplikt.

Utvalsleiaren svarte slik: Det har vore kontakt med statsforvaltaren, men vi har ikkje lukkast å få avtale ein tid som passar.

Sekretæren ga slikt tilleggsvar: Når møteplanen vert vedteken av heradsstyret i neste veke prøver vi å få til eit møte på nyåret 2023.

### **RS 1: Bestandsplan - Hjort.**

Utvalsleiaren sette fram slikt framlegg: «Utvalet ber administrasjonen å oppfordre storvaldet om å søkje justering av bestandsplan. I den justeringa vil dei verte kjend med både den endelege nye vedteke hjorteforvaltningsplan og den reviderte forskrifta om minsteareal som vart vedteken i mars 2022. Deretter er det opp til valdet å søkje om det. Søknad vert handsama administrativt.»

Alf Terje Mortensen sette fram slikt framlegg:

«Vedtak om 5% overføring frå eit år til eit anna vert endra til 10 %. Bakgrunnen for endringa er at det vil gje bestandsplanområdet ein langt større fleksibilitet i si forvaltning av bestanden. I område med høg bestand kan ein redusere skader med å få tatt ut meir dyr på kortare tid. Medan ein i område med mindre dyr eit år, gjerne kan felle dei året etter.

Denne endringa er gjort i tråd med ynskje frå bestandsplansområdet i sin plan og sine innspel til den kommunale planen. endringa er til gunst for den vedtaket rettar seg mot jamfør forvaltingslova §

35.»

Utvalseleieren sette fram slikt framlegg:

«Utvalet ber administrasjonen å oppfordra storvaldet om å søkje justering av bestandsplan med å gi høve til overføring av inntil 10% av dyra frå eitt år til neste. Søknad vert handsama administrativt.

**AVRØYSTING:**

Utvalseleieren sitt framlegg om oppmoding til å søkje om justering av bestandsplan vert vedteke

- Samrøystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt framlegg vert vedteke

- 3 røyster (FRP,AP,SP)

Utvalseleieren sitt framlegg om overføring av fellingsløyve fell

- 2 røyster (H,MDG)

**PL - 138/22 VEDTAK:**

**Vedtak i sak om bestandsplan for hjort:**

Utvalet ber administrasjonen å oppfordre storvalde om å søkje justering av bestandsplan. I den justeringa vil dei verte kjend med både den endelege vedtekne hjorteforvaltningsplanen vår og den reviderte forskriften om minsteareal som vi vedtok i mars 2022. Deretter er det opp til valda å søkje om det. Søknad vert handsama administrativt.

**Vedtak om 5% overføring frå eit år til eit anna vert endra til 10 %. Bakgrunnen for endringa er at det vil gje bestandsplanområdet ein langt større fleksibilitet i si forvaltning av bestanden. I område med høg bestand kan ein redusere skader med å få tatt ut meir dyr på kortare tid. Medan ein i område med mindre dyr eit år, gjerne kan felle dei året etter.**

**Denne endringa er gjort i tråd med ynskje frå bestandsplansområdet i sin plan og sine innspel til den kommunale planen. endringa er til gunst for den vedtaket rettar seg mot jamfør forvaltingslova § 35**

-----  
Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalseleieren vart desse valde: Alf Terje Mortensen og Marit A. Jensen

Lonevåg, 30.11.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær